

MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 9 2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no.

I disse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brevna kan også lastast ned frå NBS sine heimesider.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller veit om andre aktuelle abonnentar eller har andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

FALSKE LØSNINGER, EKTE PROFITT

Rapport 3/24 fra Friends of the Earth

Den globale naturvernorganisasjonen Friends of the Earth International, verdens største medlemsorganisasjon for miljøvern med 73 nasjonale medlemslag og millioner medlemmer, la i vår fram en omfattende rapport om hvordan agroindustri står i veien for en fornuftig og naturvennlig matproduksjon. Rapporten kan lastes ned fra deres hjemmesider. Vi gir i dette brevet et første innblikk. I senere brev kommer vi tilbake med mer i fra rapporten.

Rapporten tar for seg hvordan «agribusiness» har svart på dagens store utfordringer som gjelder matforsyning, biologisk mangfold og klima. Hovedpåstanden er at svaret er gitt i form av falske løsninger, det vil si strategier og tiltak som prøver å gi inntrykk av reell vilje til å løse de store utfordringene, men som i virkeligheten ikke rokker ved de grunnleggende årsakene til problemene. Tvert imot bidrar «løsningene» til å opprettholde problemene samtidig som de legger grunnlaget for økt fortjeneste hos de store selskapene som vi kaller *agribusiness*. Samtidig øker disse selskapenes makt og innflytelse i verden, særlig via kontroll over bioteknologi (som maskiner, sprøytemidler og gjødsel) og over såfrø og jordbruksarealer. Disse forholdene må vi erkjenne, konfrontere og endre på hvis vi skal kunne skape et matforsyningssystem som vil gi grunnlag for menneskeverdige forhold for alle og et bærekraftig miljø i alle deler av vår kjære planet.

Det vi her har kalt *agribusiness*, er noe vi kan kalle *det agroindustrielle kompleks* på norsk. Dette består av store selskaper som produserer innsatsfaktorer til landbruket, selskaper som bearbeider råvarene som landbruket produserer og selger

de ferdige produktene, selskaper som bare kjøper og selger matvarer og selskaper som formidler finansielle tjenester til landbruket. Det vil også omfatte store, industripregede foretak i selve landbruket. Et hovedmål for selskapene vil være å tjene penger først og fremst ved å tilby landbruket produkter og

dikjeden for matproduksjon. Dette vil i noen tilfeller innebære å få kontroll over jordbruksområder (ofte kalt *land grabbing*).

Et eksempel på et selskap i «det agroindustrielle komplekset» er det USA-baserte selskapet Walmart, som først og fremst selger matvarer, men som også har utviklet omfattende vertikal integrasjon. Dette innebærer en stor grad av kontroll over primærproduksjonen og også utvikling og produksjon av egne merkevarer innen matvaresektoren. Ved å kreve store volum og lave innkjøpspriser presser de småprodusenter ut av landbruket. Til og med industripregede storprodusenter har blitt skviset ut av Walmart ved at selskapet selv har gått inn i primærproduksjonen.

Samtidig hevder selskapet at det fremmer miljøvennlig produksjon, bl.a. ved å fremme «regenerativt landbruk», lite jordbearbeiding (*no-till-agriculture*) og integrert sprøytemiddelbruk. Men selskapet bruker og markedsfører genmodifiserte frø og både ugras- og insekts-sprøytemidler. Selskapet har over 10.000 forretninger i 19 land og hadde en total omsetning i 2023 på over 640 milliarder dollar. Selskapet utøver stedvis stor markedsrett (*monopsony*) og kan dermed presse prisene ned for de lokale bøndene. Mens et globalt mål er reduserte klimautslipp, gjør Walmart det motsette. Studier viser at de mellom 2019 og 2021 har økt sine totale karbondioksidutslipp med 21% og i sin leverandørkjede med 29%.

Audun Emil Tvedten



tjenester for å øke effektiviteten, bl.a. gjennom økte avlinger og avdrått, og å senke produksjonskostnadene.

Samtidig hevder selskapene at de bidrar til miljømessige forbedringer og mer bærekraftige produksjon i landbruket. Mange av selskapene er veldig store og multinasjonale, noe som gir grunnlag for stordriftsfordeler og stor markedsrett. Til dels har de også utviklet vertikal integrasjon, det vil si at de kontrollerer flere ledd i ver-

MJØLKESAMVIRKE I TO LAND

NORGE 1880 OG 1930

Dei første endringane frå direktosal og private salskanalar til landbrukssamvirke kom sist på 1800-talet, med kornimport og byvekst blant årsakene bak. På præriseslettene i USA kom ein veldig kornproduksjon i gang, og nybygde jernbanar tvers over landet frakta kornet til hamnene i aust. Lasteskip, som liksom toga vart drivne med damp, transporterte korn vidare til europeiske land. Importen gjorde at innanlandsk kornproduksjon i Norge og mange land vart lite lønsam. Samtidig voks byane, og folk der trong mjølk, smør og ost. Bearbeiding og sal av mjølk og mjølkeprodukt i Kristiania og andre byar kunne ha vorte lukrativt for mellomleidd, men bønder valde fellestiltak i staden.

Med det oppstod det tidlege meierisamvirket. Eit andelsmeieri i ei utkantbygd og eit bynært meieri, Rausjødalen meieri i Tolga (1856) og Nittedal ved Kristiania (1858), var dei første. Etter kvart slo bønder mange stader seg saman med liknande tiltak, og med ei stemme kvar, same om dei hadde to eller tjue kyr. Dei støypte eller mura meieri eller ysteri, leigde inn meieristyrarar og meiersker og organiserte inn- og uttransport, med hest og kjerre, eller dampbåt eller jernbane der slike hadde kome, slik at produkta kom vidare frå meieriet til mjølkebutikken i byen.

Meieria gav mange bygder samhold og ny kveik. Særleg gjaldt det bønder nær dei store byane. Der kunne meieria levere fersk konsummjølk og få godt betalt. Transporttida gjorde at bønder lengre unna måtte nøye seg med å selje mjølkeprodukt som ost, prim og smør. Dette vart det overskot på i marknaden, og prisane gjekk ned. Skilja i inntekter mellom bynære bønder og utkantbønder vart større i favor av dei førstnemnde.

MJØLKESENTRALAR OG OMSETNINGSLOVER

Mellomkrigstida var ei tid då mykje var ved å rakne for Bygde-Norge, med dårlege inntekter, konkursar og tvangsauksjonar av gardsbruk. Mange bønder prøvde å produsere seg ut av uføret. Med den nye transportmetoden, lastebilar, kunne bønder og mellommenn fylle bilen med spann og selde mjølka til bykundar. Bygdenære byar fekk rikeleg tilgang på ferskmjølk. Leverandørar måtte setje ned prisane gong på gong og ta mindre betaling enn konkurrentar for å få selt mjølka. Prisen for mjølkeliiteren i Kristiania/Oslo gjekk ned frå 47 øre i 1920 til 18 øre i 1929.

Størst var problema i utkantbygder. Dei som måtte nøye seg med å selje ost og smør, måtte setje ned prisane endå meir.

Då, rundt 1930, slo stordelen av norske mjølkebønder seg saman i mjølkesentralar med prisutjamning. Det nye prinsippet var nasjonal prisutjamning. I åtte mjølkesentralar rekna dei ut ein gjennomsnittspris mellom godt betalt konsummjølk og dårlegare betalt mjølk og ost, slik at mjølkebøndene landet over fekk omtrent det same for mjølkeliiteren levert via meieri. Ordninga fekk juridisk grunnlag ved at Stortinget i 1931 vedtok ei omsetningslov for mjølk og mjølkeprodukt.



Det kan forundre at flatbygdbondene, iallfall dei store, gjekk med på ordninga, for i første omgang vart ei inntektskjelde svekt for dei når mjølka gjekk til meieriet heller enn dei kunne laste spanna på ein lastebil, køyre til Youngstorget i Kristiana og selje mjølka der for høgare pris. At dei vart med, kan ikkje forkklarast på anna vis enn at dei såg sine interesser tente med å halde oppe heile landbruksnæringa og ikkje berre eige område. Og det gjekk slik, meierisamvirket vart landsomfattande med mottakspåskjold både frå små og store, sentrale og avsideliggjande buskapar, med prisutjamning, og der transporten, også for dei som heldt til langt unna meieriet, vart betalt av fellesskapet av produsentar. Reguleringa fekk også følgjer for sluttledet, forbrukarane. Mjølkelevering nådde byar og tettstader også langt unna mjølkegardane, og i mjølkebutikken kosta varene om lag det same landet over.

FRA 845 TIL 31 MEIERIANLEGG

Dei siste tiåra har mykje endra seg. Meieridrifta har vorte meir og meir eit storkonsern med direktørar og milliardomsetning. Den vesle bonden er ei lita

brikke også i konsernet. Meieri-Norge har gått frå mange små bygdebedrifter til nokre få gigantbedrifter, og mjølka blir frakta over lange avstandar både inn til meieriet og ut att til salsstader. I år 1900 hadde Norge 845 meierianlegg, om mange av dei var enkle tappestasjonar. I 2023 omsette Tine for 26,5 milliardar frå 31 meierianlegg.

Meierisamvirket og annan samvirkeforedling og -omsetning av landbrukspolitikk, utvikla av norske bønder og, iallfall fram til dei siste tiåra med frislepp i marknaden hjelpt fram av staten gjennom reguleringsordningar, har vore viktig i endringa av landet frå eit relativt fattig land og til dagens velstandsnivå. Situasjonen no er ikkje tema for denne artikkelen. Spørsmålet er i staden om tankar og metodar frå framveksttida og -arbeidet har overføringsverdi til dagens fattige land og til vårt bistandsarbeid. For å vurdere det kan me sjå på India.

INDIAS KVITE REVOLUSJON

Norman Borlaug og den grøne revolusjonen i Asia på 1970-talet er mykje omtala. Den har hjelpt fram agroindustri og storselskap med patentrettar og sprøytemiddel. Om endringane har vore mest til hjelp eller problem for fattigfolks matproduksjon og -tilgang, er meir usikkert. Kanskje har Den kvite revolusjon i India, og med avleggjarar til Pakistan og Bangladesh og fleire land, vore vel så viktig.

På femti år har Indias mjølkeproduksjon for sal vorte seksdobla. Det fattige landet passerte i 1998 USA som verdas største mjølkeprodusent og produsere no nesten fire delen av mjølkemengdene i verda. Milliardar menneske har med det fått matstoff med høgt næringsinnhald, særleg protein, og lykkast i å halde svolt, synsskadar og andre følgjer av mat- og spesielt A-vitaminmangel unna. Aller viktigast har det vore for barn og gravide og ammande kvinner.

Enkelt uttrykt kan me seie at India har gått frå ein sup mjølk per innbyggjar om dagen i gjennomsnitt og til mellom eit og to glas. India er både det største produsentlandet og verdas største konsument av mjølk og mjølkeprodukt. Mjølkeprodukta utanom drikkemjølk er ostar av mange slag, yoghurt, dravle og iskrem. Satsinga har i tillegg til meir produksjon ført til dyrehelse og utbygging av veterinærhjelpa. Mange skuleelevar får mjølk og mjølkeprodukt, stundom hjelpt fram av bistandsorganisasjonar. Og millionar bønder har fått betre økonomi og med det overlevd som bønder.



DEN KVITE REVOLUSJONS FAR

26. november 1921 var fødedagen til dr. Verghese Kurien (1921-2012). Han blir kalla Den kvite revolusjonens far. Dagen har vorte ein merkedag, den nasjonale mjølk-dagen. Kurien er blant dei som har forma dagens India. I 1949 vart den nyutdanna ingeniøren tilsett som meieristyrar i Anand i provinsen som då heitte Bombay og no Gujarat. Ifølgje kjeldene

vart han invitert til storbedrifta Nestlé i Sveits, der dei produserte mjølkepulver og selde til India. Han bad dei om å redusere eksporten slik at meieridrifta kunne utviklast i hans eige land, men fekk som svar at innfødde indarar ikkje var i stand til å meistre den avanserte teknologien som krevst. Attende trassa han dette, starta produksjon av mjølkepulver og medverka til at regjeringa innførte importforbod for mjølkepulver, smør og



ost, for med det å skjerme eigen industri.

Kurien tok initiativ til meierisamvirke som kooperativ mjølkebønder mellom og med nær kontakt med forbrukarar. Etter forsøk og satsing i delstaten vart han i 1965 leiar for det nystifta nasjonale meieriutviklingsselskapet, ein paraplyorganisasjon for meieriutbygging over heile gigantlandet. Samvirket la vekt på å auke mjølkeproduksjonen, å foredle mjølka til ulike produkt, å marknadsføre produkta som samvirkeprodukt og å sikre mjølkelevering til alle byar.

Den kvite revolusjonen byrja for alvor i 1970 og vara i ti år. Frå Verdass matprogram fekk dei noko støtte til sal av smørrolje og mjølkepulver. Stadig fleire mjølkeprodusentar vart med, og dei bygde mjølkeutsal i byar og landsbyar i rask tempo. I det varme klimaet og med liten kjølekapasitet rundt om vart mjølkepulver eit viktig produkt. Medan produksjonen av mjølkepulver var 22 000 tonn i 1980, var den 140 000 tonn i 1989.

Kurien og hans medhjelparar utvikla ein samvirkemodell med vekt på hygiene og medisinske standardar både for folk og krøtter, med arbeid for kvinner og på tvers av religiøse skiljeliner og med faste produsentprisar for leverandørar av mjølka. I sjølvbiografien, som kom i 2005, skriv han at han heile livet hadde sett seg som tilsett og tenar av bøndene. Han la stor vekt på at utbygginga av mjølkeomsetninga framom alt var driven fram av bønder og at stordelen av desse var kvinner.

DEN KVITE REVOLUSJON 2.0?

Indisk mjølkeproduksjon levert til meieri har altså auka i rask tempo. I 1951 utgjorde leveransane til meierisamvirket 17 millionar tonn, i 1961 20, i 1971 22, i 1981 32, i 1991 54, i 2001 81, o 2011 122 og i 2021 210 millionar tonn.

Også i India arbeider agroindustrien for å få fotfeste, men dei fleste buskapane er framleis små, mange av dei med 1-3 kyr, dyra beiter i skogsmark og på vegskråningar og midtrabattar, og bøndene sankar fôr over alt der gras veks. Mjølka og mjølkeprodukta gir eigarane næringsrik kost, og salsmjølk gir dei inntekter til å greie seg. India er eit land med mykje svolt, men utan mjølkesamvirket hadde landet utan tvil vorte både fattigare og hardare svolttramma.

Som Kurien ofte peika på, må utviklinga i retning betre produksjonsdyr, betre dyrehelse, betre føring av dyra, nye og sunnare produkt og meir effektiv logistikk gå vidare. I indisk mjølkesamvirke snakkar dei no om Den kvite revolusjon 2.0. Det handlar om tre hovudoppgåver, å auke produksjonen meir, å betre inntektene til folk i Indias bygder og å gje forbrukarane mjølk til rimelege prisar.

NO BRENN OLIVENTREA I PALESTINA

Kva skal vi bruke bondesolidariteten til?

Bondeorganisasjonane er openbert redde for å ta tak i palestinaspørsmålet. Tida for å vise solidaritet med palestinske bønder er overmoden.

Bondesolidaritet er eit solid ord spunne ut av ein tradisjon med djupe røter i Bygde-Noreg. Det handlar om bønder som stiller opp for kvarandre, som hjelper når ein kollega er i krise eller naud, og som organiserer seg og er med og slåst for dei økonomiske kára til bøndene. I den nasjonale politikken landbruksorganisasjonane driv, handlar veldig mykje om kamp for egne rettar, eigen produksjon og eigen økonomi. Må blikket vårt verkeleg vere så einøyd retta innover?

Bondeorganisasjonane har dessverre ikkje så sterke tradisjonar knytte til internasjonalt solidaritetsarbeid, eller til å markere standpunkt i situasjonar der bønder i andre land blir sette under hardt press, utsette for forfølgning, eller der landbruksjord og eigedomar blir offer for krigføringa.

Rett nok har Norges Bondelag sitt Malawi-prosjekt, der organisasjonen samarbeider med Utviklingsfondet om å styrkje levekåra for bønder i Malawi. Og rett nok har Norsk Bonde- og Småbrukarlag internasjonalt solidaritet som ein tydeleg del av sitt politiske program – særleg med eit internasjonalt samarbeid gjennom småbrukarorganisasjonen La Via Campesina.

Men når Israel systematisk stel og raserer palestinsk landbruksjord, øydelegg avlingane for palestinske bønder og Gaza-krigen står øvst på den internasjonale konfliktlista, er det sorgjeleg stilt frå begge organisasjonane.

Det er nedslåande. I god bondeånd burde vi for lengst ha teke eit klart standpunkt til støtte for dei palestinske bøndene og mot dei overgrepa og det landranet dei i tiår er blitt utsette for under den israelske ekspansjonspolitikken i Midtausten. Med dei brutale israelske angrepa mot Gaza gjennom det siste året er dette forsterka til grove brot på internasjonalt humanitær rett.

Vi har ikkje lov til å vere tause og berre ha nok med oss sjølve.



Foto Hamdi Aburahma for Norsk folkehjelp



Foto Olav Randen

For den som har følgd med på konflikten mellom Israel og palestinarane og Israels systematiske ekspansjonspolitik, er ikkje overgrep mot palestinske bønder noko nytt. Det har skjedd sidan staten Israel blei etablert, og det er forsterka etter kvart som Israel har okkupert nye landområde i strid med internasjonalt rett.

Gjennom den 76 år lange historia til staten Israel har det dreidd seg om alt frå å fordrive palestinske bønder frå den jorda dei har drive i generasjonar, til å avgrense tilgangen til vatningsvatn, øydeleggje brønner, kutte ned olivenlundar, hindre palestinske bønder tilgang til eiga jord og til å sleppe laus og fordrive buskapar. Ja, alt som kan gjere livet vanskeleg for bøndene, har vore våpen i kampen for å annektere nytt land i strid mot internasjonale avtalar og internasjonalt rett. Ofte er overgrepa gjennomførte av busetjarar – men samtidig godt beskytta av den israelske hæren og med godkjenning frå statsleinga.

Ifølgje Reliefweb, ei nettside drive av FN's kontor for koordinering av humanitær innsats (OCHA), har Israel sidan krigen tok til i oktober i fjor, med makt fjerna tilgangen til 75 prosent av jordbruksarealet på Gaza frå dei palestinske bøndene ved å annektere område som militære buffersoner eller ved å høvle ned landbruksjorda og avlingane med bulldosarar. Gaza var tidlegare i stor grad sjølvforsynt med mange landbruksprodukt – både frukt, grønnsaker og kjøt.

Sidan oktober i fjor har den israelske hæren systematisk arbeidd for å øydeleggje buskapar, landbruksjord og hønseri for å hindre befolkninga på Gaza tilgang til mat. Nær ein tredel av drivhusa er øydelagde – nord på Gaza dreier det seg om så mykje som 90 prosent allereie tidleg i krigen.

I tillegg har øydelagde vasskjelder og rasert infrastruktur for vatning gjort det nærast umogleg for palestinske bønder å drive den vesle jorda som er att – om dei i det heile kjem seg til jorda eller drivhusa.

På Vestbreidda – dei israelskokkuperte område vest for Jordanelva – har også an-

grepa og overgrepa mot palestinske bønder auka på sidan oktober i fjor. Det er særleg aggressive og militante busetjarar som går laus på palestinske bønder, avlingar, buskapar og landbruksjord. Overgrepa er systematiske og dreier seg i stor grad om å rane til seg jord og fordrive dei palestinske bøndene.

Allereie i februar i år viste eit overslag frå landbruksmyndigheitene i dei palestinske sjølvstyremåla at 34 000 mål landbruksjord var øydelagt sidan krigen begynte. Dette får naturleg nok langvarige følgjer for evna palestinarane har til eigen matproduksjon og til å brødfø seg sjølve.

I den norske landbruksdebatten har omgrep som sjølvforsyning, beredskap og matsikkerheit blitt viktige og sterke argument for å styrkje den norske matproduksjonen. Nettopp med den norske debatten i bakhovudet er det viktig at vi løftar blikket og ser at dette også er heilt grunnleggjande for bøndene og befolkninga i andre delar av verda.

Ærlege tal for eigen produksjon er sjølv sagt viktig, men det er også ekte solidaritet.

Artikkelen er skriven av Audun Skjervøy, bonde i Valldal og styremedlem i Møre og Romsdal bondelag. Den stod i Nationen 16.9 og er gjengitt her med løyve frå forfattar og avis.

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,
e-post margit@fausko.no
Ilona Drivdal,
e-post ilonadrivdal@yahoo.no,
Jens Erik Furulund,
e-post jenserik.furulund@gmail.com
René Cortis,
e-post rene.cortis@gmail.com,
Audun Emil Tvedten,
e-post audun.e.tvedten@gmail.com
Olav Randen,
e-post boksmia@online.no